

Kvartalsrapport

2-2008



SpareBank  
HALLINGDAL



## Kommentarar 2. kvartal 2008

### Konsernet

Konsernet omfattar morbanken og dei fem heileigde dotterselskapa SpareBank 1 Ål Eigedom AS, SpareBank 1 Hemsedal Eigedom AS, SpareBank 1 Gol Eigedom AS, SpareBank 1 Hallingdal Invest AS og Hemsedal Regnskap AS. I tillegg eig banken 85% av aksjane i EiendomsMegler 1 Geilo AS.

Banken eig 5,88% av Samarbeidende Sparebanker AS, som er ei felleskontrollert verksemd eigd av 17 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5% av SpareBank 1 Gruppen AS og resultatet av banken sin eigardel i dette selskapet inngår i konsernrekneskapen i tillegg til morbanken og dotterselskapa.

Med verknad frå 1. januar 2008 utarbeider banken kvartalsvis konsernrekneskap. Banken sin del av resultatet i Samarbeidende Sparebanker AS utgjer 2,2 mill. kroner. I SpareBank 1 Hallingdal Invest AS gjer sal av aksjane i Torpomoen Eigedom AS sitt til at halvårsresultatet viser eit overskot på 1,8 mill. kroner. Dei andre dotterselskapa har mindre innverknad på konsernrekneskapen.

### Morbanken

#### Resultatutviklinga

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 2. kvartal på 24,2 mill. kroner som tilsvarar 0,93% av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet for same periode i fjor var 17,9 mill. kroner. Resultatet er høgare enn forventa.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter er på 58,4 mill. kroner mot 42,5 mill. i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 2. kvartal på 2,23%. På same tid i fjor var rentenettoen 1,98%.

Netto andre driftsinntekter er på 16,7 mill. kroner mot 18,1 mill. i same periode i fjor. Reduksjonen skuldast i hovudsak lågare kursgevinstar i aksjeporteføljen.

Driftskostnadane viser ein auke frå 36,3 til 40,4 mill. kroner og skuldast fleire tilhøve. SpareBank 1 gjennomførte eit bytte av logo i april. I kjølvatnet av dette ligg ein del kostnader til marknadsføring, innkjøp av nytt materiell og reklameartiklar. I tillegg er ein del sponseravtaler utbetalt i perioden. På lønssida er kostnadsveksten noko høgare enn lønsveksten fordi banken har fleire årsverk enn i same tidsrom i fjor. Auken i driftskostnadane på 14,3% er om lag som venta.

Resultatrekneskapen viser ein netto tapskostnad på 1,3 mill. kroner, og er mindre enn forventa. Banken har tapsført netto 0,5 mill. hittil i år. Resterande tapskostnad er auke i individuelle og gruppevis nedskrivingar.

Kvartalsresultatet er det nest beste banken har hatt per 2. kvartal og kjem som følgje av noko høgare rentenetto enn venta og realisasjonen av aksjar i dotterselskap. Resultatet er samla sett vel 5 mill. betre enn budsjettet.

#### Balansutviklinga

Banken har ved utgangen av 2. kvartal ein forvaltningskapital på 5.568 mill. kroner. Forvaltningskapitalen har auka med 21% siste 12 månader. Frå årsskiftet er auken 10,2%.

Utlånsvolumet viser framleis vekst, men den har avteke noko. Totale utlån ved utgangen av 2. kvartal er 4.672 mill. kroner, 562 millionar meir enn for eit år sidan. Omrekna i% er veksten 13,7% siste 12 månader. Størst er veksten i bedriftsmarknaden med 21,5% siste 12 månader. På privatmarknaden er tilsvarende auke 9,1%. Banken si relative eksponering mot bedriftsmarknaden er 39,7% av samla utlån og har auka noko siste kvartal. Utlån til privatmarknaden utgjer 60,3%. Av utlån til privatkundar er 61% til lokalmarknaden i Hallingdal og Valdres. Til bedriftsmarknaden er heile 91% til kundar i lokalmarknaden.

Banken starta i 1. kvartal med overføring av bustadlån til SpareBank 1 Boligkreditt AS. Overført volum ved utgangen av kvartalet utgjer 121,8 mill. kroner og er ikkje med i balansetala. Reell utlånsvækst er difor 16,6%.

Sum engasjement som er misleghalde lengre enn 90 dagar utgjer per 2. kvartal 47,8 mill. kroner av utlånsvolumet. Misleghaldet utgjer 1,02% av brutto utlån. Samla nedskrivingar for verdifall på utlån utgjer 16,5 mill. kroner per 2. kvartal og er ein auke frå 15,7 mill. ved utgangen av 2007. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Banken si portefølje av verdipapir klassifisert som omløpsmidlar utgjer 270,5 mill. kroner. Av dette utgjer sertifikat og obligasjonar 245,5 mill. kroner. Norske og utanlandske aksjar er bokført til kostpris 25,0 mill. Porteføljen har ein kursreserve på 2,4 mill. kroner. Aksjar av strategisk karakter og aksjar/andelar i dotterselskap utgjer 60,3 mill. kroner.

Innskota ved utgangen av kvartalet er på 2.880 mill. kroner, og er ein auke på 313,7 mill. frå same tid i fjor. Omrekna i prosent er innskotsveksten siste året på 12,2%. Utlån- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) aukar frå 58,9% ved årsskiftet til 61,6% ved utgangen av kvartalet. På same tid i fjor var den 62,4%. Banken må i stor grad finansiere utlånsvæksten med innlån i marknaden, men vil leggje ein del av bustadlånporteføljen over til SpareBank 1 Boligkreditt i løpet av året.

Ved utgangen av kvartalet har banken 7 obligasjonslån og 1 sertifikatlån på til saman 1.450 mill. kroner. Samla ekstern finansiering utgjer 1.892 mill. kroner. Av dette har 1.342 mill. kroner løpetid på over eit år. Banken har 150 mill. kroner i kommitterte trekkrettar med løpetid til januar 2011 og august 2012. I tillegg kjem oppgjærskreditt på 40 mill. kroner.

Banken sin soliditet er god. Kapitaldekninga er på 15,57% ved utgangen av 2. kvartal og er godt over det lovmessige kravet på 8%. Resultatet hittil i år er ikkje teke med i grunnlaget for utrekning av kapitaldekning. Delårsrekneskapen er ikkje revidert.

#### Fråmtidsutsikter

Me er inne i ei tid med mykje usikkerheit i økonomien. Aukande prisar på råvarer, matvarer og energi fører til redusert forbruk og investeringar i mange land. Her heime er me ikkje så råka av utviklinga enno, men me må rekne med aukande arbeidsløyse og høgare rentenivå. Det er grunn til å vente prisnedgang på bustader framover, men vår erfaring er at den lokale bustadmarknaden er lite påverka av konjunktursvingingar fordi utbygging balanserer godt med etterspørselen.

Det er gjort store investeringar knytt til reiseliv i vårt marknadsområde dei siste åra. Mykje av investeringane er gjort i fritidsbustader. Banken merkar at utbyggingstakt og etterspørsel etter fritidsbustader er avtakande, men reknar med at bruken av hytter og leilegheiter i mindre grad vil vere påverka av konjunktursvingingar.

Finanskrisa som har sitt utspring i USA fører framleis til uro i finansmarknaden. Banken merkar dette gjennom høgare fundingkostnader. Banken ønskjer å auke innskotsvolumet og har i 2. kvartal innført eit nytt innskotsprodukt, PULS, som viser god utvikling. I tillegg skal auka fokus på fordelsprogram gje kundane endå betre og meir behovstilpassa produkt.

Hallingdal, 30.06.08/14.08.08

Kjell Vidar Bergo  
*Formann*

Kjell R. Kristiansen  
*Nestformann*

Vidar Isungset

Sissel Bjørøen

Sissel Skrindo

Mikael Fønhus

Cathrine Fegth

## Resultatrekneskap 2. kvartal 2008 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK						KONSERN		
Året 07	2. kv. 07	2. kv. 08	30.06.07	30.06.08		30.06.08	2. kv. 08	Året 07
252 523	56 825	90 596	105 786	175 760	Renteinntekter og liknande inntekter	173 210	89 375	249 180
154 460	35 410	59 678	63 249	117 349	Rentekostnader og liknande kostnader	117 403	59 687	154 381
<b>98 063</b>	<b>21 415</b>	<b>30 918</b>	<b>42 537</b>	<b>58 411</b>	<b>Netto rente- og provisjonsinntekter</b>	<b>55 807</b>	<b>29 688</b>	<b>94 799</b>
1 643	629	398	1 678	3 138	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	1 878	762	2 147
26 239	6 793	6 458	12 944	12 442	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	12 442	6 458	26 239
2 007	511	767	950	1 205	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 205	767	2 007
5 645	2 760	843	3 595	1 384	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	3 606	2 394	5 645
1 987	489	442	909	978	Andre driftsinntekter	9 526	2 995	10 137
<b>33 507</b>	<b>10 160</b>	<b>7 374</b>	<b>18 176</b>	<b>16 737</b>	<b>Sum andre inntekter</b>	<b>26 247</b>	<b>11 842</b>	<b>42 161</b>
<b>131 570</b>	<b>31 575</b>	<b>38 293</b>	<b>60 713</b>	<b>75 148</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>82 054</b>	<b>41 530</b>	<b>136 960</b>
61 047	11 405	14 555	26 637	30 439	Løn og generelle administrasjonskostnader	34 327	16 132	66 110
1 570	427	320	838	631	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	3 664	1 683	6 237
18 560	4 409	4 907	8 888	9 365	Andre driftskostnader	6 694	3 373	14 104
<b>81 177</b>	<b>16 241</b>	<b>19 782</b>	<b>36 363</b>	<b>40 435</b>	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>44 685</b>	<b>21 188</b>	<b>86 451</b>
<b>50 393</b>	<b>15 334</b>	<b>18 511</b>	<b>24 350</b>	<b>34 713</b>	<b>Resultat før tap</b>	<b>37 369</b>	<b>20 342</b>	<b>50 509</b>
5 645	-322	502	629	1 306	Tap på utlån, garantiar mv	1 306	503	5 645
-19	0	-0	0	-0	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	0	0	-14
<b>44 767</b>	<b>15 656</b>	<b>18 008</b>	<b>23 721</b>	<b>33 408</b>	<b>Resultat etter tap</b>	<b>36 063</b>	<b>19 839</b>	<b>44 878</b>
12 949	3 852	5 100	5 802	9 200	Skatt på ordinært resultat	9 370	5 141	12 933
<b>31 817</b>	<b>11 804</b>	<b>12 908</b>	<b>17 919</b>	<b>24 208</b>	<b>Resultat av ordinær drift etter skatt</b>	<b>26 693</b>	<b>14 698</b>	<b>31 945</b>
0	0	0	0	0	Minoritetens andel	40	15	78
<b>31 817</b>	<b>11 804</b>	<b>12 908</b>	<b>17 919</b>	<b>24 208</b>	<b>Resultat</b>	<b>26 653</b>	<b>14 683</b>	<b>31 867</b>

Ikkje utarbeidd kvartalsrekneskap på konsernivå i 2007

## Nøkkeltal

	MORBANK			
	2. kv. 08	2. kv. 07	Året 07	Norm 07
<b>RENTABILITET</b>				
Rentenetto i % av gj.sn. forv.kapital	2,23	1,98	2,14	
Driftskostnader i % av driftsinntekter	53,81	59,89	61,70	59,20
Driftskostnader i % av gj.sn. forv.kapital	1,55	1,70	1,77	
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	9,79	7,34	6,80	11,51
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	7,10	5,55	4,83	8,27
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,03	0,02	0,12	0,04
<b>FINANSIERING</b>				
Utlånsvekst (brutto) siste 12 mndr.	13,68	14,88	19,75	12,94
Innskotsvekst siste 12 mndr.	12,23	4,26	6,81	12,10
Innskot i % av brutto utlån	61,63	62,43	58,89	
Auke i forv.kapitalen siste 12 mndr.	20,98	14,68	15,99	13,67
<b>SOLIDITET</b>				
Netto ansvarleg kapital	661 885	630 985	662 011	
Kapitaldekning	15,57	18,64	17,93	15,09
Eigenkapitalprosent	12,44	14,23	13,23	8,95
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,35	0,33	0,35	0,49
Berekn.grunnlag i % av forvaltningskapital	71,31	73,55	73,07	63,48

## Balanse per 30. juni 2008 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN	
31.12.07	30.06.07	30.06.08	EIGEDELAR	30.06.08	31.12.07
21 626	42 659	27 534	Kontantar og fordringar på sentralbankar	27 534	21 626
88 826	111 025	484 209	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	484 209	89 654
4 566 726	4 109 704	4 672 043	Brutto utlån til og fordringar på kundar	4 575 403	4 475 918
-5 333	-4 143	-5 623	- Individuelle nedskrivningar	-5 623	-5 333
-10 400	-9 280	-10 900	- Gruppevis nedskrivningar	-10 900	-10 400
4 550 994	4 096 282	4 655 520	Netto utlån til og fordringar på kundar	4 558 880	4 460 185
247 608	224 446	245 511	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	245 511	247 608
74 149	67 377	86 385	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	118 431	75 210
0	0	0	Eigarinteresser i tilknytt selskap	0	1 382
23 034	4 389	24 760	Eigarinteresser i konsernselskap	0	0
0	0	0	Immatrielle eigedelar	17 249	18 141
8 227	8 352	8 657	Varige driftsmidlar	98 506	93 024
12 824	26 290	6 033	Andre eigedelar	6 101	12 824
27 196	22 081	29 912	Forsoktsbetalingar og opptente inntekter	36 480	34 630
<b>5 054 485</b>	<b>4 602 900</b>	<b>5 568 521</b>	<b>Sum eigedelar</b>	<b>5 592 901</b>	<b>5 054 285</b>
			<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>		
377 000	377 000	442 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	443 578	378 187
2 689 459	2 565 845	2 879 607	Innskot frå og gjeld til kundar	2 873 746	2 686 088
1 265 111	942 872	1 449 436	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 449 436	1 265 111
25 879	9 532	23 700	Anna gjeld	20 677	22 338
15 817	40 932	68 583	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	69 479	20 251
12 396	11 794	12 290	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	12 481	12 498
<b>4 385 662</b>	<b>3 947 975</b>	<b>4 875 616</b>	<b>Sum gjeld</b>	<b>4 869 397</b>	<b>4 384 473</b>
0	0	0	Minoritetsinteresser	289	1 894
0	0	0	Fond for vurderingsforskjellar	30 986	0
660 923	637 006	668 697	Annan eigenkapital	-2 996	-905
7 900	0	0	Sparebanken sitt fond	660 923	660 923
0	17 919	24 208	Gåvefond	7 775	7 900
<b>668 823</b>	<b>654 925</b>	<b>692 905</b>	<b>Sum eigenkapital</b>	<b>723 215</b>	<b>667 918</b>
<b>5 054 485</b>	<b>4 602 900</b>	<b>5 568 521</b>	<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>5 592 901</b>	<b>5 054 285</b>
			<b>POSTAR UTANOM BALANSEN</b>		
322 273	399 563	354 395	Betinga forpliktingar	354 395	322 273

Ikkje utarbeidd kvartalsrekneskap på konsernnivå i 2007

## Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
	2. kv. 08	2. kv. 07	Året 07
<b>MISLEGHALDNE LÅN</b>			
Brutto misleghaldne lån	47 821	51 824	31 592
- individuell nedskrivning	5 387	4 162	5 137
<b>NETTO MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>42 434</b>	<b>47 662</b>	<b>26 455</b>
<b>IKKJE MISLEGH.LÅN MED NEDSKRIVING</b>			
Brutto utlån	248	259	250
- individuell nedskrivning	191	191	191
<b>NETTO IKKJE MISLEGHALDNE LÅN</b>	<b>57</b>	<b>68</b>	<b>59</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIAI</b>			
Endring gruppevis nedskrivning	500	-1 320	-200
Endring individuell nedskrivning	316	1 801	2 959
Konstatert tap i perioden	563	152	2 945
Inngått på tidl.konst. tap	-73	-4	-59
<b>TILBAKEFØRING/TAP I PERIODEN</b>	<b>1 306</b>	<b>629</b>	<b>5 645</b>

Telefon 03202  
Faks 3202 3901  
post@sb1.no  
www.sb1.no  
Foretaksregisteret  
937 889 631

Kundesenteret  
Postboks 33  
3551 Gol  
Forretningsadresse  
Postboks 173  
3571 Ål

Ål  
Postboks 173  
3571 Ål  
Gol  
Postboks 33  
3551 Gol

Hemsedal  
Postboks 23  
3561 Hemsedal  
Valdres  
Postboks 183  
2901 Fagernes

**SpareBank**  
HALLINGDAL

